
Saksnr: 2020/36298-16
Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.11.2021

Fordeling av investeringstilskot til større idrettsanlegg

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver investeringstilskot til større idrettsanlegg til følgjande:

Søker	Søknad	Tilråding
Åsane Cykle klubb	Utstyr for gjennomføring av verdenscup og VM i triatlon	1 000 000
Bergen kommune	Utstyr for å gjennomføre Bergen swim festival og Bergen Open	700 000
Bergen kommune	Egne basketkurver for herrelandslag i basket	300 000
Voss kommune	Nye krav til elektronikk på feltskyting og til fleire skiver på 100m	1 000 000
Kvinnherad kommune	Ny fleirbrukshall på Husnes	Avslag

Løyvingane vert dekt innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 460.103, fylkeskommunalt investeringstilskot.

Samandrag

Innsatsområdet er forankra i Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025) og i Regional kulturplan for Sogn og Fjordane (2019-2027).

Fellesnemnda vedtok 18. juni 2019 Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020-2024. Om toppidrettsanlegg står det følgjande: Toppidrett har sterke særvidretslege krav til anleggsbygging og -utvikling. Det må byggjast store og kostnadskrevjande anlegg med regional og nasjonal verdi for at unge lovande utøvarar og toppidrettsutøvarar skal kunne utvikle seg vidare i fylket, og at Vestland skal kunne vere vertskap for større internasjonale og nasjonale meisterskap.

Tiltak 4 i handlingsprogrammet omhandlar investeringstilskot til større idrettsanlegg. Føremålet er å medverke til at regionen utviklar kostnadskrevjande idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi, der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap. Store meisterskap vil kunne skape bredt engasjement, samhold,, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet.

Ordninga med fylkeskommunalt investeringstilskot har eksistert i Hordaland fylkeskommune sidan 1993. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok retningsliner for ordninga 13.2.2020.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ordninga med fylkeskommunalt investeringstilskot har eksistert i Hordaland fylkeskommune sidan 1993 med litt ulike kriterier. Dei som tidlegare har fått investeringstilskot frå denne ordning i Hordaland er samla i vedlagte oversikt.

Ordninga med fylkeskommunalt investeringstilskot har vore eit viktig bidrag for at meisterskap har blitt og kan bli arrangert i Vestland fylke. Toppidretten har sterke særvidretslege krav til anleggsbygging og -utvikling som gjer at kostnadane blir særst høge. Delar av kostnadane til oppgradering av anlegga blir ikkje dekkja gjennom spelemiddelordninga (dekker inntil 1/3 av byggekostnadane). Spelemiddelordninga dekker heller ikkje kostnadar til utstyr.

Store meisterskap vil kunne skape bredt engasjement, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet. Det er viktig å posisjonere Vestland som vertskap for større arrangement.

Vestland fylkeskommune kan og gje støtte til kommunar som ikkje har symjebasseng og/eller idrettshall og som vil byggje denne type anlegg.

Føremål for ordninga

Vestland fylkeskommune sitt investeringstilskot skal medverke til at regionen utviklar store og kostnadskevrande idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi.

Generelt	
Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. Vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.	
Budsjett 2021	3 000 000 kr.
Søknadsfrist 2021	1. oktober 2021
Vedtak kriteria	KULII 13. februar 2020
Kriteria og informasjon om ordninga	https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/idrett/investeringstilskot-til-anlegg-der-ein-kan-arrangere-storre-nasjonale-og-internasjonale-meisterskap/
2021	
Tal på søknadar	5
Samla søknadssum	5 979 500 kr.
Tilrådd til fordeling	3 000 000 kr.

Fylkesdirektøren sine overordna kommentar til innstillinga:

Vestland fylkeskommune har motteke fem søknadar fordelt på tre søknadar frå Bergen kommune, ein frå Kvinnherad kommune og ein søknad frå Voss herad.

Absolutte kriteria

Søknad om investeringstilskot skal sendast via kommunen og innehalde skildring av anlegget med finansieringsplan og kostnadsoverslag. Vestland fylkeskommune føreset tidleg dialog om utvikling av nye anlegg. Søknaden knytt til anlegg der ein ønskjer å arrangere meisterskap, skal innehalde ei vurdering frå respektivt særforbund om den nasjonale verdien til anlegget, og kva arrangement anlegget er planlagt å vere vertskap for. Om det vert søkt om investeringstilskot til eit anlegg innan same idrett som finst frå før i Vestland, er det opp til søkjar å skildre kva som skil anlegget frå det som allereie eksisterer. Storleik på tilskot blir vurdert i høve til kostnadssum og eventuelle tilskot frå andre fylkeskommunale tilskotsordningar.

Kommunar som ikkje har symjehall/idrettshall og søker støtte til dette, må ha anlegget forankra i ein vedteken kommunal plan som omfattar fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Vurderingar og verknader**Økonomi:**

Tildelinga er i samsvar med budsjett 2021, dekkja over post 460.103, fylkeskommunalt investeringstilskot.

Klima:

Fylkesdirektør kan ikkje sjå at ordninga har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse:

Regional plan for folkehelse 2115-2025 fleire gode leveår for alle. Kultur- og idrettsopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Bidreg til å realisere Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 Kultur for alle og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025.

Konklusjon

Avdelingsdirektør tilrår at forslag til vedtak vert følgd. Dette vil vere med på støtte opp under Bergen og Voss som vertskommunar for store arrangement.